

Foderbenmel

haves stedse paa

Lager.

Fotland den 22-3 1898

Maling

og

Stampning

udføres godt og hurtigt.

Hr. Mand Marie Aasland

til G. FOTLAND.

Kun mod Kontant.

DEBET.

1892		Pr Gladepaane og muresten	14 9.98		
	17	Pr saldo	18.13		
1893	12-1	Pr maling		3	40
1894	16-1	50 kg benmel		7	
	1-2	Pr 100 st kagsten	24.50		
		Pr rabat paa 100 st muresten		17	84
		Pr muresten og muresten	24.85		
		Pr tilgode for 1 Kalsbre		5	
1896	18-5	75 kg benmel		10	
	3-12	25 " " "		3	44
1898	29-1	37 " " "		5	14
	8-3	Pr 72 kg benmel		10	
		Pr 50 kg benmel	37.46	51	82
		Pr balance	21.24	6	88
			58.70	58	70
1898	22-3	Pr Saldo		21	24

## Tankar rundt eit pannerverk

AUDUN ØYRI

Dette er siste årboka i dette hundreåret. Difor kan det høva å sleppa til ein av 17. mai-talarane frå dette året. Audun Øyri heldt talen på Frøyland i Time. Han gjer seg tankar om utviklinga i bygda i tida etter 1814.

Tidleg på året 1814 hadde presten innkalla til møte på prestegarden på Lye, det galdt ei riksforsamling som skulle haldast. Her i frå Frøylandsgrenda møtte Gunder Aasland, Thore Kalberg, Ingebret Kverneland og Lars Tollefsen Njå. Det var ingen som heitte Frøyland, mannen derifrå hadde kanskje forfall. På møtet valde dei to valgmenn som reiste til Stavanger og var med på å peika ut 3 representantar frå Stavanger Amt til Riksforsamlinga som skulle haldast på Eidsvoll Jernverk. Desse tre var Asgaut Reilstad, bonde på Finnøy, Presten Oftedahl frå Rennesøy og den bekjente Mølbach frå Eigersund.

Det var altså slik at folk herifrå dei næraste gardane var med på frigjeringsarbeidet i 1814. Rett nok var dei innkalla av presten, og rett nok var "Riksforsamlinga" noko som danskeprinsen i Norge hadde funne på. Det er heller ikkje sikkert dei visste så nøye kor Eidsvoll var henne, for vår landsdel sokna til Nes Jernverk på Sørlandet. Men ved å møta fram på dette møtet, var dei med på å starta eit nytt politisk liv her i landet.

Kva våre representantar utretta på Eidsvoll, veit eg ikkje utanom det dei fortel om Mølbach: Han prøvde å avbryta ein langvarig strid om kor Norges Bank skulle

liggja med å foreslå Egersund, "for Egersund er en køn lille By og der bor jeg". Me får elles tru dei greidde seg bra der borte, trass i at der var sorpete, og dårleg med mat og husrom. Da Asgaut Reilstad var på heimreis frå Riksforsamlinga kom han i snakk med nokre karar som arbeidde på den nye veggen i Tu-bakken og han fortalde oppgådd om den nye grunnloven og den nyvunne fridommen for landet. Men desse karane var akkurat like holdne, dei trudde slett ikkje at dette ville bli til hjelp. Slik var det kanskje her i Frøylandsgrenda au. Folk hadde ikkje aviser og lite bøker utanom Bibelen og huspostillane. Dei høyrde litt av karar som kom igjen i frå krigen, eller av presten eller av folk som ferdast forbi. Det var ikkje lett å vita kva dei skulle tru. Og dei hadde det hardt- med åkrar så små og steinete at dei måtte spadast – ikkje pløyast. Både ungar og kvinnfolk måtte ut og spa om våren, og det kom flokkar med menn og guttar frå Agderfylka som skulle tena litt pengar med å spa for jærben. Ikkje alle hadde slik ei framtidstru som Asgaut Reilstad. Og de veit at det kom tunge ekstraskattar etter 1814, då dei skulle få i stand eit nytt penge-stell og grunnleggja Norges Bank.

Adelen gav frå seg rettane sine i 1814, ikkje så dumt når ein veit korleis det gjekk med den franske adelen under revolusjonen i 1789. Den norske adelen fekk dessutan halda på eigedommane sine og hadde nok tenkt å styra og stella slik som før. Men etterkvart begynte folk å stemma fleire og fleire bønder inn på Stortinget slik at dei i 1831 var i fleirtal der. Og det var på denne tida – da folk endeleg forstod dette med fridommen – at vi her i grenda hausta den første, viktige frukta frå frigjeringa i 1814: Dei bygde eit teglverk for takpanner på Åsland. Det var sakte teglverk på Sandnes, men det var lang veg å kløvja derifrå – der var jo ikkje skikkeleg kjøreveg. Gamlaverket på Sandnes var starta i dansketida av nokre kaksar og embetsmenn som hadde brev frå Kongen i København på at dei kunne driva teglverk. Dansk kongen hadde kontroll med slike ting, og det er lite truleg at ein bonde på Åsland ville fått eit slikt brev. Men frigjeringa på Eidsvoll betydde faktisk at nå kunne me her i bygda begynna å tilverka takpanner sjølve.

Tenk på kor viktig dette var her som det ikkje er naturleg tilfang til taktekking: Ikkje helle- eller skiferfjell, ikkje never til jordtak – det måtte du få ifrå Gjesdal eller Bjerkreim. Det var vanskeleg å skaffa nok material til bordtak, og dei ville vel rotne fort. Kanskje du kunne få svetak, men det vart ikkje rare greiene. Det var i denne tida du hadde dei husa som konservator Thjøtta kalla dei “ekte jærhus”: Firkanta hus murt av stein og jord med pyramideforma torvtak som måtte vera små for ikkje å bryta saman. Rett som det var måtte folk “ta dropen” som det heitte: Dei stakk eit kostaskaft opp gjen-

nom torvtaket der det lek, og nokon måtte klatra opp og finna kostaskaftet og leggja neveren til rette så det vart tett. Det kunne ikkje bli anna enn fattigdom av slikt.

Skulle dei vinterfø nokre kyr og sauer, måtte dei ha tett tak over høystaen, høyet ville som regel rotne viss det stod i stakk ute. Tette tak måtte ha vore det første som trengdest for ein framgang i jordbruket. Ikkje berre her, men i bygder over store delar av landet vaks det opp teglverk for takpanner på denne tida. På grunn av transportvanskane måtte dei liggja nær brukarane. Det kom panneverk i Gjesdal, på Boganes, på Madla, Karmøy og på Sand. På Varhaug vedtok heradstyret seinare at det måtte byggjast panneverk på Opstad – og der laga dei både høg- og venstrepanner som kunne leggjast etter kor dei sterkaste vindane kom ifrå. Det gamle bedehuset på Varhaug som vart rive omkring 1960 hadde høg- og venstrepanner på den eine sida av taket og venstrepanner på den andre sida. Det bles mykje på Varhaug, men folk visste å greia seg når dei fekk rå seg sjølv. Desse panneverka laga også veggpanner. Dei var fastskrudde i veggen med pakningar og vart derfor øydelagde når huset var rive, du ser dei knapt meir.

På Lindlandsbruket på Åsland var der god blåleire som vart vassblanda og kjørt gjennom ei leirmølla som gjekk på vasskraft frå Frøylandsånå. Emne frå leirmassen vart banka ned i former og pannene vart etterpå lufttørka i enkle tørkehus – blokser. Så kom det vanskelegaste, brenninga. Dei hadde ei stor ovn av kilt stein som mange her har sett restane etter. Den vart stuva full av panner og torv, og så brende dei i fleire dagar. Torv fekk

dei frå Frøylandsmyrane og Doblene, djupe myrar med svart, “steintung” torv. Dei spadde opp uhorvelege mengder, tørka først på marka, reiste deretter torvene to og to med ei tredje som “tak” før dei bygde “torvrøyk”. Det var pyramider eller kjegler av torv der det fekk tørka seg ferdig. Så kunne dei kjøra torvet til Verket på sledar, helst unnabakke. Torvmyrane er oppdyrka nå, det var der oppe “Brøyt”-maskinen lærde seg å dyrka jord.

Det var eit endelaust slit. Men dei greidde seg med dei naturrikdommane me hadde i bygda: Leiren, torvet og vasskrafta. I desse åra før det kom dampmaskinar eller elektrisitet var vasskrafta utnytta på mange andre vis enn til gardskvednar. Det var fleire enn dei på Åsland som hadde både boremaskin, vaskemaskin for klede, slipestein og kanskje vogge som gjekk på “kadl”. “Markedet”, som det heiter nå, låg omkring Verket på alle kantar. Folk kom og fekk seg panner, og måtte oftast kløvja dei heim. Det kunne gå lange rekkjer av kløvhestar i “pannedugnad”. For å letta transporten bygde Panneverket omlag 4 km veg over Frøylandsbrekka og ned her til Frøylandsvatnet, omtrent her til skulen der vi er nå. Pannene kunne køyrast ned til vatnet og først med robåt til Yksnavad, Klepp, Anda, Laland, Bryne, Serigstad og kanskje vidare frå desse plassene.

Tenk dokker kjørerekaren frå Panneverket med fullt lass på vogna. Dei hadde skaffa seg ei 4-hjuls vogn og måtte vel då ha 2 hestar. Oppå Frøylandsbrekka er han ferdig med motbakken og han og hestane kan ta seg ein pust. Han har full oversikt over tiltaket: Han ser Mosvatnet der vasskrafta kjem ifrå, og dei vide myrane inn-

over mot vatnet, med hundrevis av torvrøyk. Han ser nedover mot Verket med leirbanen og den store brenneomnen. Kanskje han kvilte augene mot Frøylandsvatnet, for det kan sandeleg vera blått i leten der oppe ifrå. Men på Kalberg og Frøyland og Kvednaland, Tegle, Netland, Engelsvåg, Anda og Laland, så langt han kan øygna, ser han desse vakre raude pannetaka på løer og innehus, denne gulraude fargen du ser på svakt brende teglpanner før det legg seg mose og lav på dei. Eg kjenner meg sikker på at 17 mai 1814 var eit viktig grunnlag for at han kunne stå der og ha dette utsynet. Du kan kalla det eit idyllisk industrieventyr. Men det var starten på utviklinga i jordbruket og det var den første moderne industrien her i bygda.

Nå var det slik at me i mange år heldt 17-mai med kappsprang og sekkjaløp og alt det der på ei slette her nede ved vatnet, nedanfor skulen, der det veks sitkagraner nå. Me kalte det Hjortalandet for det var den svenske smedafamilien Hjort som åtte der, tålege gille folk som var like ivrige som oss i halda 17-mai. Eg må få minnast den yngste guten der, Ludvig, som eg leika med så ofte, som døydde i Sachsenhausen under krigen. Han hadde prøvd å reisa til England. Men først nå, lenge etterpå, forstår eg kaffor det var så slett og fint på Hjortalandet. Det var der Panneverket hadde huset sitt – til båten og kanskje til lagerplass. Me visste nok at dei hadde lasta ombord panner her, for me fant ofte pannemolar i strandkanten. Men me var så historielause at me ikkje visste at me leika på kanskje den første industritomta på Jæren. Det var ingen vaksne som nemnde

det, ikkje eingong mormor mi som var dotter til den første styraren på Verket. Mor visste det ikkje, ho var fødd på den tid panneverket slutta. Det vart utkonkurrert av dei Sandnes etter at jernbanen kom og gjorde transporten lettare, og det kom jo etterkvart billeg takpapp og bølglekk. Mor snakkte ofte om panneverket, men det var helst om Marta i Graudholen og Lena i Pinkabrotet som begge sat att utan levemåte etter at verket slutta. Ein gong dei gjekk til ho Lena i Pinkabrotet med kjøtsupa hadde ho berre raunber å eta. Ho budde i ei lita hytte med jordgolv, men hadde eit par golvfjøl framfor senga der ho kunne baka. Ho kom på Fattiggarden. Eg skjemest litt over at me i årevis hadde 17-mai fest

der nede utan å vita samanhengen tilbake til denne viktige fasen i bygginga av den nye Jæren. 17-mai bør sterkare enn før minna oss om bakgrunnen vår. Me har godt av å minnast korleis dei naturrikdommane med hadde kunne brukast på denne enkle, byggjande måten. Det er noko å tenkja på i vår tid med sine miljøproblem.

Eg veit ikkje korleis desse karane frå Frøylandsgrendå kom seg til møtet på Lye i 1814, om dei gjekk til fots og om dei då hadde lersko eller måtte bruka tresko, eller om dei reid til hest og om dei då hadde sal eller sat rett på hestaryggen. Men når dei kom til prestagarden på Lye, var dei med på å leggja grunnlaget for vårt moderne samfunn.